

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Nådlandskroken 11
MØTETIDSPUNKT: 13.12.2017 KL. 15:00 – 19:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Børge Tvedt	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem til kl 17:00
Per Karlsen	Medlem til kl 16:00
Marit Jacobsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem til kl 16:30
Gunvald Iversen	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Adm.Dir
Ola Rye	Økonomidirektør (sak nr. 050/17-057/17)
Berit Berntsen	HR og org. sjef (referent)

SAKLISTE

Sak 050/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 051/17	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 03.10.2017
Sak 052/17	Administrerande direktør si orientering
Sak 053/17	Årleg melding Sjukehusapoteka Vest HF 2017
Sak 054/17	Bierverv – oppfølging av revisjon

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 055/17	Eventuelt Skriv og meldingar
------------	---------------------------------

Lukka del

Sak 056/17, 057/17 og 058/17 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 056/17	Budsjett 2018	Vedlagt
Sak 057/17	Verksemdsrapport per oktober 2017 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 058/17	Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør 2017	Vedlagt

OPE DEL**Sak 050/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei godkjent. Ingen sakar meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 051/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 03.10.2017

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 03.10.2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 03.10.2017.

Sak 052/17 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering

- 1. Kundeundersøkelse i publikum H-2017**
 - notat med saka / presentasjon i møte
- 2. Strategiarbeidet: Bruk av nasjonal bemanningsmodell**
 - notat med saka / presentasjon i møte
- 3. Samarbeidsavtalar mellom SAV og sjukehusføretaka**
 - notat med saka
- 4. Digital fornying i SAV**
 - løypemelding/ presentasjon i møte
- 5. Miljøsertifisering i SAV – ytre miljø**
 - notat med saka
- 6. Nytt publikumsutsal ved HDS**
 - løypemelding
- 7. Eindose i Helse Vest**
 - notat med saka
- 8. Oversikt over aktuelle høyringar**
 - notat med saka
- 9. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
 - ingen saker
- 10. Rapportering tilsynssaker**
 - a. notat med saka

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 053/17 Årleg melding Sjukehusapoteka Vest HF 2017

Oppsummering

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2017 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2017
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2017

Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2017 levert på dei krav som er sett til føretaket.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2017.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2017 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen i januar 2018.

Sak 054/17 Bierverv – oppfølging av revisjon

Oppsummering

Reglar for bierverv i Sjukehusapoteka Vest er hjemla i Helse Vest Etsiske retningslinjer, og publisert i Personalhandboka.

Det er per 06.11.17 registrert tilsaman 4920 timar Bierverv inSAV (tal frå Agresso Web).

Riksrevisjonen sin rapport datert 28.06.17 «Riksrevisjonens undersøkelse om helseforetakenes håndtering av bierverv» gir følgjande vurderingar:

- *Ansatte i helseforetak rapporterer i liten grad bierverv*
- *Systemene som er etablert for å rapportere og følge opp bierverv brukes i liten grad*
- *RHFene har ikke i tilstrekkelig grad fulgt opp krav stilt i foretaksmøter om bierverv*

SAV har ikkje grunn til å tru at faktiske bierverv ikkje er registrert.

HRO avdelinga vil frå 2018 ta ut årlege rapportar på status til kvar eining.

I dei høva ein avslår undervisning (eller andre typar oppdrag) som bierverv grunna konkurranse skal ein i alle tilfelle tilby oppdraget til tenestepriis frå SAV.

Kommentar i møtet:

Styremedlem Marit Jacobsen ønskte i møtet å presisere at SAV sin etterleving av reglar for bierverv verkar å vere i høve til regelverket med tanke på at bierverv vert meldt, og måten dette verdt meldt på. Systematisk oppfølging er varsla forbeta frå 2018. Leiargruppa skal gå gjennom prinsipp og praksis i føretaket, herunder handtering av konkurrerende verksemd og korleis dette vert vektlagt i forhold til positive sider bierverv også kan ha.

Vedtak (samrøystes)

Styre tek saka til vitande.

Sak 055/17 Eventuelt
Skriv og meldingar

Ingen skriv og meldingar.
Ingen sakar til eventuelt.

LUKKA DEL

Lukka del vart handsama i starten av møtet, kl 15:05-16:30.

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 056/17 Budsjett 2018

Oppsummering

Det er nytta same modell for budsjett og budsjettprosess 2018 som tidlegare år. Arbeidet bygger på å sjå inn i trendar for volum og prisutvikling for ulike varekategoriar. Dette saman med dialog med sjukehusa og underliggende planar nasjonale og regional utvikingsprosjekt er viktige grunnlag for vurdering og budsjettering for komande driftsår.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek budsjett for 2018.

Sak 057/17 Verksemdsrapport per oktober 2017

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per oktober 2017 til etterretning.

Sak 058/17 Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør 2017

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Kommentar i møtet:

Styret seier seg særns nøgd med kvaliteten på saksdokumenta.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret si eignevaluering og evaluering av Administrerande Direktør er gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF i november 2017 som elektronisk spørjeundersøking etter mal frå Helse Vest RHF.
2. Oppsummering blir sendt Helse Vest RHF.

Berit Berntsen
Referent
13.12.2017

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem (sett)
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem (sett)
Bente Aae	Medlem (sett)
Marianne Saugestad	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem

Gunvald Iversen

Medlem